



Tingvoll kommune

*Økokommunen –
bedre løsninger for mennesker og miljø*

Arkiv: 002
Arkivsaksnr: 2014/639-11
Saksbehandler: Olaug Haugen

Saksfremlegg

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Formannskapet	109/2014	09.12.2014

Kommunereform - prosess våren 2015

Vedlegg

- 1 Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal
- 2 Mal for sak om kommunereformen til politisk behandling - 15 10 2014

Saksopplysninger

Kommunestyret i Tingvoll fatta 16.10.14 slikt vedtak om arbeidet med kommunereform i Tingvoll:

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar å byggje arbeidet med kommunereform på kommunens vedtatte plan- og styringsdokument, med sikte på felles identitet og attraktivitet, og ein balanse mellom by og land i ein ny kommune.
2. Kommunen skal utarbeide en egen informasjonsstrategi som er dekkende for gjennomføring av proessen med kommunereformen.
3. Arbeidet med kommunereform i Tingvoll blir eksplisitt starta opp i april 2015, bygd på elementa i saksframlegget i denne saka. Kommunen samordnar seg med kommunar på ytre Nordmøre gjennom byregionprogrammet og ellers med Orkide.
4. Formannskapet blir styringsgruppe for den vidare prosessen og ordføraren leiar arbeidet.
5. Fylkesmannen i Møre og Romsdal blir gjort kjent med kommunestyrets vedtak i denne saka.
6. Kommunestyret ber om at arbeidet med kommunereform må få eit større fokus på lokaldemokrati, maktfordeling og konsekvensar for busettingsmønsteret.

I regionen er det no ulike initiativ som er relevant for kommunereforma:

- Byregionprogrammet mellom Tingvoll, Kristiansund, Averøy og Gjemnes (+ Smøla, Halså, Aure)

- Orkide sine initiativ vedrørende kommunereform, og tilsetning av eigen prosjektleiar for Nordmøre. Orkide ser for seg ein del felles prosessar, sikre samtidighet mellom kommunane og ein del felles utgreiingsarbeid.
- Kristiansund og Orkide sitt initiativ for felles formannskapsmøte på Nordmøre i november 2014. På dette møte signaliserte alle kommunane ein mulig utviklingsretning for sin kommune, og kva initiativ som dei deltok i.

Vurdering

Som ein del av arbeidet for å oppetre samordna og med samtidighet i regionen vart det på Stormøte i Orkide i november presentert ei felles skisse frå Averøy kommune.

I samråd med ordføraren har rådmannen bearbeida denne skissa og tilpassa den aktivitetar i Tingvoll kommune og tiltak som treng koordinering med andre kommunar. Rådmannen meiner at ein del av utgreiingsarbeidet som skal skje knytta til innhaldet i reforma og strukturen i den nye kommunen må gjennomførast i regi av Orkide.

Tingvoll kommune skal i hht. vedtak i kommunestyret utarbeida ein eigen informasjonsstrategi. Det bør drøftast innhaldet i denne i møtet og at den blir lagt fram på første formannskap i januar 2015 til beslutning.

Vedlagt følgjer skisse til aktivitetar våren 2015, og fylkesmannen sitt forventningsbrev.

Økokommunevurdering:

Dersom innstillingen vedtas, vil denne saken ha

positiv	<input type="checkbox"/>	<i>Evt. merknader:</i>
nøytral	<input checked="" type="checkbox"/>	
negativ	<input type="checkbox"/>	

effekt på kommunens arbeid som økokommune.

Rådmannens innstilling

Formannskapet, som styringsgruppe for arbeidet med kommunereform, vedtar forslag til aktivitetar knytta til kommunereforma våren 2015 i Tingvoll.

Behandling i Formannskapet - 09.12.2014

Anders Saltbones, Krf la fram forslag til nytt punkt til aktivitetar knytta til kommunereforma fra Sp, Krf og H.:

”Ta inn at organisering og styring må diskuteres før kommunegrenser. Kommunereformen tema for ungdomsskole/TVS.”

Det ble stemt over innstilling med forslag til nytt punkt, som ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Formannskapet, som styringsgruppe for arbeidet med kommunereform, vedtar forslag til aktiviteter knytta til kommunereforma våren 2015 i Tingvoll.

Nytt punkt til aktivitet:

Ta inn at organisering og styring må diskuteres før kommunegrenser. Kommunereformen tema for ungdomsskole/TVS.